



LINDÅS KOMMUNE

Ostereidet barneskule

5993 Ostereidet

Tlf. 56 37 50 44

Orientering om leksehjelp på 3.-6.trinn

Ostereidet 10.10.2014

Tysdagar kl. 07.40-08.40 og onsdagar kl. 12.40 – 13.40 vert det leksehjelp for elevar som er påmelde. Leksehjelp er eit tiltak for elevar og foreldre som ønskjer støtte i læringa. Leksehjelp vil kunna nyttast til dei vanlege leksene, men det er også meint som tid for arbeid med anna skularbeid. Det kan til dømes vera repetisjon, fordjuping og ulikt relevant læringsarbeid. For ein del elevar kan leksehjelpa verta ei øving i å bruka vekeplanen og disponera tida på ein god måte. Leksehjelpa er ikkje noko form for spesialundervisning. Tida er ikkje ein del av grunnskuleopplæringa, altså ikkje undervisning. Skulen har ikkje ansvar for skyss til og frå leksehjelp.

De som foreldre har framleis ansvaret for leksearbeidet. Å "høyra" elevane i leseleksa heime er svært viktig sjølv om barnet ditt har lese på skulen. Sjå over andre lekser slik at de ser til at leksearbeidet er ok. Snakk med barnet ditt om måla på planen. Alle foreldre kan støtta sine barn ved å visa interesse, snakka positivt om skularbeidet og ha positive forventningar til barnet si læring.

Det er obligatorisk frammøte på leksehjelp. Dette tyder at om eleven ikkje skal vera på leksehjelp, må det skrivast melding på førehand. Det er ikkje mogleg å velja å vera på SFO i leksehjelp-tida for dei som er påmelde til leksehjelp.

Organisering av leksehjelptida:

- Frukt (onsdag)
- Arbeid med leksene på vekeplanen
- Anna skularbeid og øvingsoppgåver knytt til opplæringa
 - Dette kan vera arbeid med pedagogisk programvare knytt til læreverka, pedagogiske brettspel og andre spel, lesestund ++



Vi har tre leksehjelparar :

- Benedicte Jordal-Aarra
- Agathe Gausereide
- Iselin Jordal

For at leksehjelp-timane skal fungera, er det avgjerande at elevane viser god framferd. Dei same reglane som elevane nyttar i arbeidstida på skulen gjeld på leksehjelpa. Snakk om dette heime. Dei første minuttane vil elevane få tid til ein liten fruktpause (onsdag).

Vi tenkjer at det er viktig at elevane får ein liten matbit og får gjera seg klare til å ta fatt på leksearbeidet. Derfor er det fint om eleven har med litt frukt som dei kan ha til denne pausen.

Kontaktlærarane og skuleassistentane som skal vera leksehjelparar, har starta eit samarbeid for å leggja godt til rette for leksehjelp-timane. Denne ordninga var ny hausten 2010. Kontaktlærarar og leksehjelparane vil fortsetje samarbeidet for å tilpassa tilbodet ettersom ein ser kva som fungerer best for den enkelte elev. Det vil kunna verta trong for ein nært samarbeid med heimen, for å få leksehjelpa til å fungera. Om de har spørsmål, ta kontakt med rektor og rektor tek kontakt om det skulle vera noko som gjeld dykkar barn.

Med vennleg helsing

Torill Persson Solli
Torill Persson Solli



LINDÅS KOMMUNE
OSTEREIDET
BARNESKULE

Dato: 10.10.2014

PÅMELDING TIL LEKSEHJELP

Eleven sitt namn:

Steg skuleåret 2014-2015:

Vi ynskjer leksehjelp desse tidene:

- Tysdag 07.40 – 08.40
- Onsdag 12.40 – 13.40

Dato: _____

Underskrift foreldre/føresette: _____

Retur til skulen innan 17.oktober